

*Barnet symboliserer framtida,
fordi
det forvaltar mulegheitene
fordi
kvar barn kan bety verdas framgang,
fornyng,
forløysing.*

Lars Oftedal

Vedtekter
for
SFO
skulefritidsordninga
i
Sandøy kommune



Vedtekter for skulefritidsordninga i Sandøy kommune

Med heimel i Opplæringslova, § 13-7, vedteken av Stortinget 16. juni 1998 og gjort gjeldande frå 1.januar 1999, vert det bestemt at kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. klassesteg og for elevane med særskilde behov frå 1.-7.klassesteg.

Skulefritidsordninga ved Harøy skule er eigd av Sandøy kommune.

Følgande punkt legg grunnlaget for drifta og innhaldet for sfo ved Harøy skule:

- Skulefritidsordninga, SFO, skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.
- Årsplanen beskriv mål og innhald til skulefritidsordninga. Årsplanen er det styrande dokumentet for den årlege drifta av SFO.
- SFO skal gje barna omsorg , tilsyn og gode vilkår for sosial læring.
- SFO skal gje høve til varierte aktivitetar som rolleleik, fysisk aktivitetar og naturopplevingar

- SFO skal legge vekt på samarbeid med frivillige organisasjonar og ressurspersonar i lokalsamfunnet.
- Funksjonshemma skal gjevast gode utviklingsvilkår.
- Areala, både ute og inne, skal vere tilpassa aktiviteten som vert driven.
- Barna må ha reint tøy som er tilpassa ver og årstid. Lette sko, tøflar eller raggar til innebruk må takast med. Dei skal ha med seg tørre skift.
- SFO held leiker og anna utstyr.

Endring av vedtekter

- Framlegg til endringar i vedtektene skal leggjast fram for Samarbeidsutvalet før dei går til politisk behandling.
- Einingsleiar for oppvekst og kultur tilrår vedtektene og legg dei fram for kommunestyret til godkjenning.

Desse vedtektene er godkjende av Sandøy kommunestyre i møte den 28.04.16, og skal setjast i verk umiddelbart etter vedtaksdato.

Leike - og opphaldsareal

- SFO-lokala til Harøy skule ligg i området til 1.-4.klasse, og består av eit opphaldsrom med kjøkken, og eit grupperom. SFO har også tilgang til andre spesialrom i Sandøyhagen, som filmrom, gymsal og bibliotek. I tillegg kan Håp i Havet brukast.
- Utearealet er det same som for barneskuleelevane. Dei har også tilgang til I.P. Huse-hallen, idrettsplass, myr, eng, skog, knausar og fjøre i nærmiljøet, når dei er på tur.

Andre reglar

- Barna må ha med nistemmat dersom ikkje anna er avtala med SFO.
- Både av organisatoriske og sikkerheitsmessige omsyn skal foreldra melde frå til personalet i SFO, telefonisk eller skriftleg, dersom barna uteblir enkeltdagar.

Styring og bemanning

- Sandøy kommune er eigar og drivar av skulefritidsordninga. Rektor ved Harøy skule er administrativ og pedagogisk leiar.
- Leiar for SFO, i tilpassa stillingsprosent, skal stå for den daglege drifta og organiseringa av ordninga.

- Alle foreldre som har barn i skulefritidsordninga utgjer foreldrerådet. Dette rådet vel 2 representantar med vararepresentantar som er med i FAU (arbeidsutvalet for foreldrerådet) ved Harøy skule.
- Bemanninga/assistentbehovet skal vere tilpassa barnetalet.
- Det vert krevd politiattest for alle tilsette i SFO.
- Tilsette i SFO har teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§ 13-13 e.

Opningstid

- Skulefritidsordninga har ope frå måndag til fredag mellom kl. 7.15 og 16.15 når det ikkje er undervisning.
- Den årlege opningstida følgjer skulerute frå skulestart i august og ut juni månad.
- SFO held ope i haust- og vinterferien dei dagane det er 8 eller fleire påmeldte barn. Dei dagane det er færre enn 8 barn vert sfo stengt. Det vert sendt ut påmelding til desse vekene. Dette er eit ekstra tilbod som må betalast for og gjeld kun heile dagar.

Søknad om opptak – prosedyre og rutiner

Opptak av barn til skulefritidsordningen blir foretatt elektronisk via Oppvekstportalen (IST) for elever i 1. - 4. klasse.

- Utrekning av 50% - 100% gjerast etter følgjande regel: Ein vel morgon (90 minutt) og /eller ettermiddag, måndag, onsdag og fredag 215.minutt, tysdag og torsdag 115 minutt. Ved 50% har ein bruk av SFO inntil 12 timar/ 720 minutt. Ved 100% har ein bruk av SFO inntil 22,5 timar/1350 minutt.
- All søknad, oppsigelse og endring av plass skal skje via Oppvekstportalen (IST). Søknadsfrist er 1.mai. Skulen gir skriftleg/elektronisk melding om opptak til føresette. Når eit barn er tildelt plass i skulefritidsordninga har de automatisk plassen til de går ut 4.klasse. Dersom de ønsker å endre type plass eller sei opp før den tid, må de gjere dette via Oppvekstportalen (IST).
- (Skulefritidsordninga kan selje plasser på timebasis/dagbasis. Ordninga bør primært gjelde sal av tid ved akutt og kortvarig behov. De som benytter seg av dette må allerede ha plass i SFO.)

Opphaldskategorier

- Heilplass inntil 22,5 timer.

- Halvplass inntil 12 timer.
- Fast kjøp av tid (Eiga skjema).
- Endringar i forhold til bruk av plass kan gjerast med to verkens varsel (dagar, før-/ettermiddag).
- Prosedyrer ved kjøp av tid vert sendt ut informasjon om frå sfo-leiar/rektor. Det er mogeleg å kjøpe timar for dei som har fast plass på sfo ved ledig kapasitet.

Kriterier for opptak av barn i skulefritidsordninga

- Avgjer om opptak er underlagt forvaltningslova sine reglar for enkeltvedtak, inhabilitet m.m., og sakene må behandlast i samsvar med dette.
- Sakshandsamarar og klageinstans er underlagt teieplikt når det gjeld opplysningar om personlege tilhøve vedk. barnet, heimen m.m.

Opptak på særskilt grunnlag

- Barn som vert søkt inn, der det ligg føre sakkunnig vurdering har prioritet ved opptak. Barn som barnevernet søkjar inn vert prioritert først.
- For barn som vert søkt inn på særskild vilkår må det vedleggast dokumentasjon.

Klagerett og klagefrist

- Etter forvaltningslova § 28, andre ledd, kan opptak i kommunal skulefritidsordning påklagast. Avslag kan ankast innan 3 veker etter at søkjarane har fått melding om opptak/avslag
- Klagen skal vere skriftleg og grunngjevast. Den skal innehalde namn til barn og klagar, dato og underskrift, nemne vedtaket det gjeld og den ønska. og nemne eventuell dokumentasjon som vert lagt ved søknaden som bilag.
- Klageinstans er einingsleiar oppvekst og kultur.
- Avgjerd om opptak/avslag må kunne grunngjevast dersom dette vert kravt.
- Barn som ved ordinær søknadsfrist ikkje får plass, skal, etter vurdering av eventuell klage, førast opp på prioritert venteliste og ha førsterett i samsvar med prioritet når plass vert ledig.

Endring av opphaldstid/oppseiing av plassen i løpet av skuleåret

- Føresette kan søkje om auke i opphaldstid i løpet av skuleåret. Føresette kan redusere eller seie opp plassen med 2 månadars varslingsfrist. Foreldrebetaling gjeld i denne perioden. Oppsigelse av plass skal skje via Oppvekstportalen (IST)

- Dersom ein plass eller ein avtale om fast kjøp av tid vert oppsagt etter 1. mars, må ein betale for resten av skuleåret.

Foreldrebetaling

- Kvart år fastset kommunestyret satsar for foreldrebetaling.
- Kommunestyret kan justere betalingsattsane i løpet av driftsåret.
- Betalinga skal gjelde frå den datoen barnet får plass. Foreldre betalar for 10 månadar.
- Kjøp av ekstra tid vert fakturert månadleg.
- Det vert ikkje gjeve frådrag i foreldrebetalinga for fråvær, heller ikkje for fridagar skulen er stengd.
- Ved manglande betaling gjeld økonomikontoret sine prosedyrer for manglande betaling. Dersom ei sak vert sendt inn til rettslig inkasso, vert plassen sagt opp med umiddelbar verknad.